



Kunnskapsdepartementet

Pb 8119 Dep

0032 OSLO

Vår ref.
14/75-147/N-000//KAWV

Dykkar ref.

Dato:
23.02.2015

Høyringsuttale frå Kvam herad vedk. endringar i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar

Kvam herad har vedteke følgjande høyringsuttale:

Kunnskapsdepartementet har sendt ut høyringsnotat om endringar i forskrift av 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar.

I forslaget kjem det fram at det skal fastsetjast ein maksimal prosent av inntekta som skal gå til foreldrebetaling i barnehage. Ein familie skal ikkje bruka meir enn maksimalt 6 prosent av si samla kapital og personinntekt til foreldrebetaling i barnehage.

I høyringsnotatet er det lagt fram to alternative forslag til val av utrekningsgrunnlag. Departementet ber om høyringsinstansane sine syn på desse to alternativ:

1. Inntektsgrunnlag basert på hushaldninga si inntekt og eventuelt korleis barnebidrag skal bli vektlag i inntektsgrunnlaget for hushaldninga.
1. Inntektsgrunnlag basert på forsørgjaren si inntekt og om inntekt til ny ektefelle/sambuar skal leggjast til grunn og eventuelt korleis, som del av inntekt, flatt påslag eller at heile inntekta til ny partnar tel i inntektsgrunnlaget til forsørgjar.

Det at regjeringa vil gjera barnehagetilbodet meir tilgjengeleg for alle barn er svært positivt. Det kjem fram i Riksrevisjonen sin rapport om barnefattigdom (Dokument 3:11 (2013-2014)) at fleire barn enn tidlegare bur i låginntektsfamiliar. Då er det ekstra viktig å sikra at desse barna får høve til å gå i barnehage på lik linje med barn som kjem frå familiar med høgare inntekt.

Når det gjeld gjennomføring av differensiert foreldrebetaling er det viktig, slik som regjeringa også understrekar, at ordninga må vera enkel å handtera for alle partar.

Søknadsprosessen må vera organisert slik at dei som har låg inntekt og behov for reduksjon i foreldrebetaling nyttiggjer seg ordninga.

Når det gjeld dei to alternative utrekningsgrunnlaga har Kvam heradstyre fyljande innspel:

Regjeringa ynskjer mindre byråkrati og administrasjon i kommunane. Kvam heradstyre kan ikkje sjå at denne ordninga er i tråd med regjeringa sin intensjon.

Tiltaket med redusert foreldrebetaling framstår som byråkratisk og Kvam heradstyre ser at denne ordninga raskt kan medføre auka administrative kostander for kommunen, noko regjeringa i sitt høyringsnotat skriv at det ikkje skal bli.

Departementet må finna ei betre og enklare løysing som medfører mindre byråkrati for kommunen.

Dersom departementet vel å gå inn for eit av dei foreslegne berekningsgrunnlaga som er presentert i høyringsnotatet vil det truleg føra til meir sakshandsamingsarbeid for kommunane og ordninga kan bli utnytta ved t.d at foreldre spekulerer i kvar barnet skal vera folkeregistrert.

Kvam heradstyre tilrår at det i vurderinga av dei to alternativa vert vektlagt kven som har forsørgjaransvaret. I følgje barneloven har begge foreldre forsørgjaransvar for sitt/sine barn uavhengig om dei bur saman eller kvar for seg. Med bakgrunn i dette bør det også vera foreldra si samla kapital og personinntekt som skal vera utrekningsgrunnlaget for å få vurdert retten til redusert foreldrebetaling uavhengig om dei bur saman eller ikkje.

Ved å ta utgangspunkt i forsørgjarplikta til begge foreldre unngår ein diskusjon om barnebidrag skal reknast med i inntektsgrunnlaget.

Dersom foreldra ikkje bur saman, og har stifta ny hushaldning med eventuelt ny partner bør den nye partnaren si inntekt telja som eit flatt påslag på den samla inntekta til hushaldninga sjølv om ny partner ikkje har noko forsørgjaransvar. Det er naturleg å tenkja at ny partner deler fellesutgifter med forelderen når dei har same hushaldning.

Eit flatt påslag bør fastsetjast sentralt, og grunnbeløpet gonger x kan vera utgangspunkt for å fastsetja kor stort påslaget skal vera.

Ved å fastsetja eit flatt påslag som blir regulert i tråd med grunnbeløpet kan det skapa noko mindre administrasjonsarbeid for kommunen.

Helsing

Kari Weltzien Vik

Leiar politisk sekretariat

Telefon: 56553022

Epost: kwvi@kvam.kommune.no